


Fornøgd Festidalen-leiing.

12.08.2016



Festidalenfyrverkeri!

- Dette var jo fantastisk, og vi håpar du har hatt ei bra oppleving som frivillig på Festidalen. 2016 vart den beste gjennomføringa nokonsinne, og du har spela ei viktig rolle i dette. Tusen milliardar takk for innsatsen. Vi elskar deg. Dette var den hyggelege helsinga dei frivillige fekk frå leiargruppa Una Kolle, Margit Lund Mikkelsen, Anbjørn Høivik og Bjørn Olav Tveit søndag kveld etter Festidalen.



#### Næringsseminar.

Leiargruppa har all grunn til å vera fornøgd. Det var fantastiske dagar. Vi tok ein prat med Bjørn Olav då opplevingane hadde fått sunke inn nokre dagar.

- Dette er 5. festivalen etter at vi restarta arbeidet med Festidalen i 2012. Då tok vi ei grundig planlegging, og vi sette oss klare mål. Etter Festidalen 2016 har vi nådd desse måla, meiner eg, seier den fornøgde Festidalenleiaren.

Planane og målsetjingane dei kom fram til under diskusjonane 2011/12, var samla rundt 3 søyler, ORGANISASJON, BREIDDE OG STORLEIK.



**ORGANISASJON.**

- 'Vi såg at årsaka til at Festidalen var nede for teljing var at organisasjonen var for spinkel. Vi måtte få eit breiare eigarskap til festivalen. Dette skulle ikkje vera styret eller leiinga sin festival slik det ofte er tilfelle. Vi ville at alle skulle føla eit egedomsforhold til Festidalen. Dei frivillige er fundamentet', utdijupar Bjørn Olav.

Han seier vidare at det skal vera kjekt å jobba som frivillig på Festidalen. Alle i Festidalen handlar etter engasjement, ikkje etter instruks.

- 'Når ein melder seg til dette dugnadsprosjektet, skal ein vita kva ein går til. Det skal ikkje vera slik det ofte vert med dugnad at ein seier ja til noko, og så vert det mykje meir. Det er også viktig at vi skal ha nok folk med kompetanse i dei ulike gruppene.'

Han nemner gruppemodellen som er utvikla med 20 undergrupper som arbeider sjølvstendig og godt. Styret kan ikkje ha ein finger med i alt.

-'Eit eksempel på det er FestidaGen. Dette er 110% den gruppa si ærel'



FestidaGen

**BREIDDE.**

- 'I 2012 bestemte vi at det var viktig å utvikla Festidalen til ein breiare kulturfest enn ein rockefestival. Det skulle vera eit tilbod til langt fleire, også til alle aldersgrupper. Det var viktig at også borna skulle ha eit tilbod. Utfrå denne tanken kom dei ulike sidearrangementa til etter kvart. Diskusjonen om den opne aldersgrensa i 2012 var ein del av dette'.

Sjølv om underteikna var skeptisk til den opne aldersgrensa den gongen, kan eg no slå fast at det var eit viktig og rett valg.

**STORLEIK.**

- 'Det var ikkje noko ønskje den gongen om å verta størst mogeleg. Vi ville vakta oss for trefot-sjuka, men vi såg at det kunne vera gunstig med ein vekst til dobbelt gjestetal over tid. Dette hadde med økonomi og tilbod å gjera. Då måtte vi henta ein del frå kommunar utanfor Kvinnherad. Verkemidlar som har vore brukt for å oppnå dette er festivalavis, samarbeid med Bu i Sunnhordland/Samarbeidsrådet og at vi har knytt til oss sponsorar som held til utanfor kommunen. Stadig fleire av gjestene på Festidalen er tilreisande.'

- 'No er vi komne der vi ønskte under planlegginga i 2012. Vi har følgt dei store linjene, men sjølv sagt har det dukka opp ting undervegs som har kome til. Vi har også gode sidearrangement som vi kunne ønskt større oppslutning om, men når vi har tru på konseptet, gjeld det å vera tolmodige slik at det får jobba seg inn. Eg føler at vi no har nådd eit delmål, og det er tid for å staka ut kursen vidare saman,' avsluttar Festidalen-leiar Bjørn Olav Tveit.



Frisøridalen - Krafttak mot kreft.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Festidalen, Atle Helland, Stig Framnes og Michael Røssland